



Helselaget i Uskedalen er kjent for sine gode innsamlingsresultat under demensaksjonen kvar haust. I fjor samla dei iherdige damene inn 18 622 kroner og det var det nest beste resultatet dei har oppnådd. I 2007 sette laget rekord med 20 272 kroner. No er spørsmålet: Kan det bli ny rekord i år?

Leiar Selma Eik opplysar at aksjonen finn stad måndag frå klokka 17 til 19 i Uskedalen medan tidsramma for heile aksjonen er frå 21. til 27. september. Ho har allereie skaffa bortimot 20 innsamlarar som vil tråla bygda og desse skal som tradisjonen tilseier møta fram ved AFA,.

Framfor aksjonen peikar Nasjonalforeningen på at det er mogeleg å ha ein kvardag med god livskvalitet også med demens.

På biletet er bøsseberarane samla ved AFA framfor innsamlinga i fjor.

(Foto: Ola Matti Mathisen)